



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/223 - 17/31269

Saksbehandlar:

Eli Bjørklid

Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:

31.10.2017

## Kontroll av feillistene - spm. "vurder vanlig landbruksproduksjon".

Syner til brev frå fylkesmannen datert 03.10.2017. Svarfristen var 19.10.2017, men svaret frå Lindås kommune følgjer nedanfor.

Lindås kommune ser feillistene som god informasjon og eit nyttig verktøy.

Dei vert nytta både til risikobasert utplukk av søkarar til kontroll, og dei vert nytta som ein informasjon om korleis situasjonen er for mange av dei som søker om produksjonstilskot.

Lindås kommune (saman med dei andre kommunane i Nordhordland?), får mange meldingar knytt til hald av sau. Siste søknadsomgang i januar 2017 var det over 80 namn på lista som fekk spørsmålet – vanleg landbruksproduksjon.

Kommunen går gjennom desse listene. Ein samanlinar denne merknaden med andre opplysningar, melding om lammeslakt, retningslinjer låge produksjonar frå fylkesmannen. Ein ser og på søknadskjema for å sjå på påsette lam, om søkaren nyleg har starta med sau eller er nystarta produsent. Ein kan til sist ringe søker og spørse om grunnen til det låge talet på lam eller den låge slaktevekta.

Ein ringer først og fremst opp dei som ligg langt under - t.d. under 0,6 av normal slaktevekt eller under 0,75 av normalt lammetal/søye.

Som oftast er det ikkje noko galt – det finst forklaring som systemet ikkje fangar opp, og tilbakemeldingane er meir dramatisk enn røynda.

Dette skuldast at systemet berre registrerer få parametre i høve til det mangfald av grunnar og avgjerder som kva bonde tek gjennom et år.

Om det vert selt livdyr vert det ikkje fanga opp. Systemet melder frå om stort påsett, men tek ikkje dette inn når dei reknar ut om lammetalet er lågt eller slaktevekta dårleg.

Heller ikkje rasen vert det teke omsyn til i desse feillistene.

Til sist vil ein sitte att med nokre få søkarar der ein må gå ut for å sjå, starte ein dialog eller ta kontakt med mattilsynet.

---

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Oftast har og dei dyra ein ser nærare på ok tilhøve, men særskilte omstende gir dårleg resultat.

Slik systemet fungerer og slik normane er rekna ut, får kommunen alltid desse lange listen. Det er ikkje noko unntak no i det nye søknadssystemet.

Ein kan då spørre om det er sjølve systemet som «tenker feil».

Ein kjenner særst flinke sauebønder som år etter år får gode resultat i kårings sjå, som finst på desse listene kvart år.

For kommunen er det lite motiverande og kanskje til og med deprimerande, å skulle stelle med denne typen tilbakemeldingar. Det er truleg på tide å diskutere dette litt i dybden nettopp for at FM på vegne av alle oss som arbeider med dette kan gje ein grundig tilbakemelding til Ldir.

Vedlagd kopi av feillisten for i vår med notater og merknader.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN